

Vestland fylkeskommunepost@vlfk.no

Knarvik, 24. august 2020

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Høyring og offentlig ettersyn av planprogram

Regionrådet i Nordhordland viser til invitasjon til å koma med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional plan for innovasjon og næringsutvikling Vestland

I høyringsbrevet peikar fylkeskommunen på at planprogrammet skal sikra at:

- viktige plantema vert prioritert
- at nødvendig grunnlagsmateriale er tilgjengeleg slik at kunnskapsgrunnlaget er best mogleg, og at arbeidet er kunnskapsbasert
- at arbeidet er godt organisert og partnerskapen får eit tydeleg oppdrag

Planprogrammet skisserer fire plantema:

1. Omstilling og fornying. Dette plantemaet har to deltema, a. Vidareutvikle og fornye det vi er gode på, b. Smart spesialisering som metode for innovasjon og næringsutvikling
2. Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling i samspel med resten av Vestland
3. Innovative samfunn og like høve til å delta i verdiskaping
4. Arealbruk

Fylkeskommunen ønskjer no innspel på planprogrammet. Høyringsinstansane blir spesielt utfordra på:

- Val av plantema
- Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
- Medverknad i planarbeidet
- Utfordringar på kort og lengre sikt knytt til korona-pandemien
- Anna som vert vurdert som viktige innspel i planarbeidet

Merknadar til planprogrammet

- For regionane / distrikta i fylket er infrastruktur (kraft, tele, fiber, veg) heilt avgjerande for at ein skal lukkast med innovasjon og næringsutvikling. Vidare opplever kommunane at urimelege rekkjefylgjekrav set ein stoppar for utvikling, og då hjelper det lite at det i andre planar er gode ynskjer om utvikling av lokalsamfunna og næringslivet. Regionrådet Nordhordland ber om at både infrastruktur og rekkjefylgjekrav vert eit eige plantema, eller evt. underpunkt til eit av dei valte plantema. Det vert omtala og grunnlagt seinare i skrivet.
- Samordna regional innsats prega av god dialog med heile fylket blir viktig. Det er derfor svært viktig at fylket fylgjer opp den gode intensjonen om å ta heile fylket i bruk – og at dette vert sentralt i planarbeidet.
- Planen må gje eit godt og oppdatert bilete av utviklinga og kva som er utfordringsbilete framover. Det må vera tydeleg skilje mellom by og distrikt, slik at spesifikke byproblem ikkje vert gjort til eit distriktsproblem og omvendt.

- Regionrådet saknar innleiingsvis ei oppsummering av kva ein har lukkast med og ikkje i gjeldane (siste næringsplan(ar)). Kva er oppnådd i med tanke på måla som vart sett – og kva er ikkje oppnådd? Dette bør synleggjerast og brukast som eit grunnlag i den nye planen.

Omstilling og fornying

- Regionrådet er einig i at næringslivet i Vestland står i ein svært dramatisk situasjon som følgje av pandemien, men også som konsekvens av noverande og kommande omstilling innanfor olje- og gassindustrien. Det er derfor særdeles viktig at Vestland har som ambisjon å vera i front i det grønne skiftet. Det er ei viktig regional oppgåve for fylkeskommunen å leggja til rette for innovasjon og næringsutvikling i dialog med alle berørte i fylket.
- Vestland og regionane må utnytta dei fordelane me har innanfor kraftforsyning, oppdrett og havbasert næringsutvikling.
 - Vestland er Norges største kraftprodusent (26 % av vasskraftproduksjon i 2018). Dette er eit av våre store fortrinn som må utnyttast mykje betre enn det me klarar i dag. Skal me få til grøn omstilling i stor skala, så må me ta i bruk krafta sjølv. Døme på dette er satsing på hydrogen på Mongstad / anna grøn omstilling der / batteriproduksjon / datalagring.
 - Våre vasskraftanlegg må moderniserast slik at dei kan produsera meir grøn kraft. Staten må sørgja for at rammevilkår som skatt vert tilpassa til formålet om auka produksjon av grøn energi. Dette er ei viktig oppgåve for Vestland fylkeskommune å jobba med.
 - Det må leggjast til rette for tilstrekkeleg distribusjon av straum til næringsområda, t.d. til Mongstad. Dette er ei pågåande sak Regionrådet og fylket står saman om i dag, så det vert ikkje kommentert nærare her utover at dette er særdeles viktig å løysa. Dersom dette ikkje vert løyst både på kort og lang sikt, risikerer me å gå glipp av mange tusen arbeidsplassar.
- Me er alle einige om grøn omstilling, men Regionrådet vil understreka at ein ikkje må snakka ned olje- og gassindustrien. Det er framleis tusenvis av arbeidsplassar i denne sektoren, og det vil det vera i mange år framover. Olje- og gassindustrien dannar eit unikt fundament og har alle moglegheiter til grøn omstilling grunna den kunnskap og kompetanse som ligg her. Omstilling og nedbygging må derfor skje gradvis og kontrollert. Green Spot Mongstad og Grøn konkurransekraft er to større utviklingsprosjektet innanfor sirkulærøkonomi og berekraftig bruk av fornybare og ikkje-fornybare ressursar i Nordhordlandsregionen.
- Havbruk vil vera ei viktig framtidsnæring. Denne næringa møter i dag massive utfordringar i Nordhordland og elles på Vestlandet. Fylket må bidra til å leggja til rette for mykje meir forutsigbarheit og eit meir oversiktleg byråkrati enn det me har i dag. Dette må skje raskt slik at bransjen ikkje flyttar vekk.
- Infrastruktur – veg, kraft, tele/ fiber – er nødvendig i all næringsutvikling og i all omstilling og nyetablering. Det er derfor viktig at Plan for innovasjon og næringsutvikling vert sett i samanheng med rulleringa av Regional transportplan. Infrastruktur er ein av dei viktigaste premissane for å lukkast med å utvikla innovasjon og næringsutvikling. Regionrådet Nordhordland ber derfor om at dette vert sett av som eige plantema eller som underpunkt til eit av dei valte plantema.
- Vindkraft i urørt natur møter massiv motstand i befolkninga. Utbygging av vindkraft bør derfor sjåast i samanheng med eksisterande industriområder der ein ikkje må gjera store inngrep i urørt område, samt etter kvart som utbygging til havs.
- Rekruttering og riktig kompetanse er grunnpilar i næringslivet og i all omstilling. Utdanninga i vidaregåande skular, og høgskular / universitet, må tilpassast det lokale næringslivet slik at ein klarar å skaffa riktig arbeidskraft til industri i omstilling.

Smart spesialisering

- Smart spesialisering er riktig, men dette må også skje i sterke og etablerte industribedrifter og industrimiljø. Knoppskyting og innovasjon skjer i etablerte bedrifter. Det må derfor vera aktivt samspel og medverknad mellom FoU-miljø og industrien ute i bedriftene i fylket. T.d. har ein i Osterøy lang tradisjon for innovasjon og grunderverksemd. Dette har gjort at kommunen har eit solid, lokalt basert næringsliv, spesielt innan ulike formar for mekanisk industri. Gjennom mange år har det vore eit særst godt samarbeid med den vidaregåande skulen. Bedriftene har fokus på det grønne skiftet, og deltek i ulike prosjekt støtta av Innovasjon Norge, fylkeskommunen, VIS, høgskulemiljø etc. Kommunen er svært oppteke av å støtte opp under denne unike grunderkulturen og få vidareutvikla den, mellom anna gjennom Osterøy Utvikling. Det er viktig at fylket støttar opp under Liknande må ein få til andre steder.
- Vestland må sjå nærare på samordning / samanslåing av verkemiddelapparatet, og dermed å skapa sterkare aktørar med større og breiare fagmiljø.
- Industri, reiseliv og landbruk må løftast fram.

Organisering

- Planen legg opp til at Bergen skal vera motor for innovasjon og næringsutvikling i samspel med resten av Vestland. Dette er me einig i, Bergen er byen for oss alle – og her ligg mykje av skule og innovasjonsmiljø m.v. Det må imidlertid avklarast nærare kva fylket legg i dette - og det må vera tydeleg korleis Bergen og resten av fylket skal spela saman! Vidare må fylket vera tydeleg på korleis fylket vil bruka regionane / dei regionale sentra aktivt i dette arbeidet!
- Regionrådet vil understreka at ein stor del av verdiproduksjonen skjer ute i distrikta - i bedriftene / på arbeidsplassane, og at ein her finn sterke fagmiljø. Fylket må ha ein tydeleg plan for korleis ein involverer desse. Her er ein tett og god dialog mellom fylket (fylket sine avdelingar) og regionråd / kommunane veldig viktig. Regionrådet meiner at fylket må ha ein klar plan for korleis dei kan bruka regionane som ein motor i det å ta heile fylket i bruk.
- Regionrådet ynskjer at planprosessen må forankrast enno betre ute i regionane / distrikta, gjerne med ei form for regionale høyringsmøte m.v.
- Når det gjeld administrativ styringsgruppe, meiner Regionrådet at fylket må sjå nærare på samansetjinga. Me ynskjer at næringslivet er betre representert og at Regionråda i Vestland fylke deltar med ein felles representant. Samansetjing av arbeidsgruppene er viktig og må fanga breitt.
- Ungdommen er framtida vår, dei må vera godt representert i ulike prosessar

Areal

- Under overordna mål i planen står det: *Å arbeide med retningslinjer og strategiar for næringsareal i fylkeskommunal og kommunal planlegging, blir viktig for å legge til rette for næringsverksemd og sysselsetting.*
- Regionrådet sluttar seg til dette, men vil vera tydeleg på at dagens praksis med rekkjefylgjekrav frå stat og fylke i stor grad motarbeider dette ønsket. Kommunar er fortvila fordi dei ikkje kjem vidare med gode nærings- og innovasjonsprosjekt grunna rekkjefylgjekrav. Slik rekkjefylgjekrav vert formulert og fylgd opp no, stoppar det vidareutvikling i mange kommunar, t.d. for bedrifter som ynskjer å utvikla seg vidare. Innovasjon og nyskaping i kommunane skjer som regel gjennom utvikling av næring lokalt. Det er skjeldent at heilt nye bedriftene flyttar inn i ein kommune, unntak kan vere oppdrett, datalagring osv. Det viser at utvikling i næringslivet må i stor grad skje i lokale bedrifter og derfor er desse avhengig av å få utvida sine areal for å skapa ny vekst og innovasjon innanfor sitt felt.

- Gjennom planmessig utvikling og avklaring i kommuneplanen arbeider bedriftene med reguleringsplanar i tråd med overordna plan for utviding og nyskaping/innovasjon. Grunna rekkjefylgjekrav frå stat og fylke med store kostnader til infrastruktur, klarar ikkje bedriftene å realisera planane. Planprosessane går i årevis for å finna løysingar som er mogleg å gjennomføra økonomisk. Dette arbeidet lukkast ein ikkje med, og bedriftene gir opp. Det er på høg tid å gjera noko med ufornuftige rekkjefylgjekrav som stoppar utvikling i kommunane. Kommunane opplever svært lite løysningsorientering frå regionalt nivå. Kommunane føler dei blir tvunge til akseptera rekkjefylgjekrav i overordna planar som i neste omgang er øydeleggande for å få gjennom reguleringsplanar m.v.
- Kommunar melder tilbake at det ikkje er fleire næringslivsplanar ein treng, men derimot større mynde til å bestemma over eigen kommune. Dersom statlege eller regionale organ fremjar motsegn mot kommunale planar, må det dokumenterast at ulempene for det statlege eller regionale organet er større enn nytten planen utgjer for kommunen. Dei statlege og regionale organa må ta på alvor at det er kommunane som er planstyremakt i arealsaker.
- Skal ein få til utvikling i distrikta, må rekkjefylgjekrav vera fornuftig. Krava må kunne differensierast ut frå reell viktighet, dvs. ved låg ÅDT og låg risiko kan ikkje samfunnet prioritera same ressursbruken som i sentrale strøk. Me meiner at stat og fylke har større rom for skjøn enn det som vert praktisert.
- Statens vegvesen og fylket kan ikkje isolera seg frå avvegningane mellom trafikktryggleik og samfunnsutvikling. Her må ein kunne krevja at styresmaktene i sine innvendingar og motsegner sannsynleggjer korleis ein skal få realisert ønskja utvikling på trass av deira krav til fortau m.v. Særstyresmakter kan ikkje få sleppa unna med at deira krav er heva over slike vurderingar. Vestland fylke må gjera ei heilskapleg vurdering og ikkje sektorvise vurderingar, og vurdere utviklingskonsekvensar saman med eventuelle motsegner.
- Statens vegvesen og fylket bør gjennomføra sannsynlegheitsvurderingar. Det skjer ingen redusert risiko for trafikkskader om ingenting vert gjort. Dersom krava er urimelege og gjer utbyggingar ulønsame, har også vegvesen og fylket mislukkast. Deira mandat er å få til reelt betra trafikktryggleik, ikkje planane i seg sjølv, dei sparar ingen liv.
- Regionrådet sitt innspel til planprogrammet er derfor at urealistiske rekkjefylgjekrav, ikkje minst på vegsida, stoppar innovasjon- og næringsutvikling i distrikta då dei ikkje er økonomisk bærekraftige. Fylkeskommunen og statlege styresmakter må vera på lag med kommunane og bedriftene som ynskjer vidareutvikling av lokalt næringsliv. Regionale planar må ikkje vera til hinder for utvikling i kommunane.

Rekkjefylgjekrav og konsekvensar for innovasjon og næringsutvikling er så viktig at Regionrådet Nordhordland ber om at dette vert sett opp som eige plantema.

Med venleg helsing



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland